



MØTEPROTOKOLL

FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

Møtedato: 26.04.2022
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 11:30 - 15:30

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Hege Eide Vik	SP	Ordførar
Kjartan Haugsnes	SV	Varaordførar
Erlend Hesjedal-Johannessen	H	Medlem
Amalie Johnsen Lunde	H	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Thor Andersen	AP	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Ivar Rødland Bergo	SP	Varamedlem
Line Kydland	SV	Varamedlem
Lisa Natalie Johnsen Lunde	AP	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Heidi Rongved	AP	Lisa Natalie Johnsen Lunde

Andre møtande:

Ivar Rødland Bergo, Sp møtte for Hege Eide Vik i sak 35/2022.
Line Kydland, SV møtte for Amalie Johnsen lunde i sak 35/2022.

Kommunedirektør Atle Fasteland,
Politisk sekretær Lin Tove Thomassen

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
32/2022	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
33/2022	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
34/2022	REFERATSAKER OG MELDINGAR



- 35/2022 STRATEGISK NÆRINGSPLAN 2022-2035**
- 36/2022 AUKE I FESTEAVGIFT FRÅ 1.1.2022**
- 37/2022 ØKONOMISK STØTTE TIL GJENNOMFØRING AV K5 KONTAKTKONFERANSE**
- 38/2022 BUDSJETTENDRING OMBYGGING INNBYGGGARSERVICE**
- 39/2022 SAL/UTLEIGE AV NÆRINGSAREAL. DRØFTINGSSAK.**
- 40/2022 DALSEIDVEGEN - NYE OPPLYSNINGAR. DRØFTINGSSAK**
- 41/2022 KLAGEHANDSAMING - DISPENSASJON FOR Å ETABLERE BILVEG TIL GARLIANE
HYTTEFELT, GBNR. 78/1 M.FL., VAKSDAL KOMMUNE**
- 42/2022 HANDSAMING AV SØKNAD OM VILTFONDSMIDLAR TIL INNKJØP AV BYGGJERDE FOR
Å SKJERME RUNDBALLAR FOR BEITING FRÅ HJORT**
- 43/2022 REGIONAL PLAN FOR FORNYBAR ENERGI I VESTLAND FYLKE - HØYRINGSUTTALE
PLANPROGRAM**
- 44/2022 AVTALE MED BANE NOR OM NEDLEGGING AV PLANOVERGANG OG BRUK AV
DRIFTSVEG PÅ KOMMUNAL GRUNN, DALEGARDEN, GBRN 22/14**
- 45/2022 TRAFIKKTRYGGLEIKSPLAN FOR VAKSDAL KOMMUNE 2022 - 2025**
- 47/2022 INNSTILLING TIL ENDRING AV MINSTEAREAL FOR JAKT PÅ HJORT I VAKSDAL
KOMMUNE ETTER OFFENTLEG HØYRING**
- 46/2022 KULTURPRISEN 2022**



32/2022: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.04.2022

Behandling:

Samrøystes godkjent.

FPØ - sak 32/2022 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

33/2022: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.04.2022

Behandling:

Samrøystes godkjent.

FPØ - sak 33/2022 Vedtak/Tilråding:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

34/2022: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.04.2022

Behandling:



Til referatsak 34/2022.1.

Ordførar har intensjon om at det vert laga eit høyringssvar innan høyringsfristen 1. juni. Det er dialog mellom kommunane i same politidistrikt om saka. Ein rekk ikkje å leggja fram sak i kommunestyremøtet 10.mai.

FPØ - sak 34/2022 Vedtak/Tilråding:

Referatsakene vert tatt til orientering.

35/2022: STRATEGISK NÆRINGSPLAN 2022-2035

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Strategisk Næringsplan for Vaksdal kommune blir vedteke slik den ligg føre.
2. Strategisk Næringsplan skal rullerast kvart fjerde år, første gong våren 2026.
3. Kommunedirektøren set i gang prosess rundt organisering og vitalisering av Vaksdal Næringssselskap. Sak om dette vert lagt fram til politisk handsaming til FPØ 27.09 og KS 18.10 2022.

Fellesforslag frå Sp,SV og Høgre, ført inn i møteportalen av Kjartan Haugsnes, SV:

Nytt pkt. 3

Kommunedirektøren set i gang prosess rundt organisering og endring av Vaksdal kommune sitt næringsarbeid, Sak om dette vert lagt fram til politisk handsaming til FPØ 27.09 og KS 18.10 2022. Denne saka må som eit minimum innehalde:

- Endring av dagens næringssselskap/selskapsstruktur.
- Nye retningslinjer for eit eventuelt næringssselskap som stettar krava i KS sin vegleiar om selskapsdanning i kommunal sektor.

Tilleggsframlegg frå Frp, ført inn i portalen av Boris Groth.

Nytt punkt 4:

-Det vert utarbeida ein konkret handlingsplan med målbare mål, delmål og ansvarsfordeling for gjennomføring av Strategisk Næringsplan. Handlingsplanen vert lagt fram for vedtak innan siste kommunestyremøte i 2022.

Oversendingsforslag frå SV,Sp og Høgre, ført inn i møteportalen av Erlend Hesjedal-Johannessen:

Punkt 3. om struktur på næringsarbeidet til Vaksdal Kommune vert lagt fram som eigen sak til



Kommunestyret.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.04.2022

Behandling:

Amalie Johnsen Lunde stilte spørsmål ved sin habilitet i saka. Formannskapet vedtok samrøystes at ho er ugild i medhald av fv.l. § 6 e) punkt 2. Ugild når vedkomande er medlem i styret i Vaksdal Næringssselskap som er omtalt i saka.

Hege Eide Vik stilte spørsmål ved sin habilitet i saka. Formannskapet vedtok samrøystes at ho er ugild i medhald av fv.l. § 6 e) punkt 2. Ugild når vedkomande representerer Vaksdal kommune i generalforsamlinga til Vaksdal Næringssselskap som er omtalt i saka.

Boris Groth stilte spørsmål ved sin habilitet i saka som leiar i Vaksdal Næringsråd. Formannskapet vedtok samrøystes at han ikkje er ugild.

Dei tre gjekk frå under behandling av habilitetsspørsmåla.

Ivar Bergo gjekk inn som varamedlem for Hege Eide Vik og Line Kydland kom inn som vara for Amalie Johnsen Lunde i saka.

Boris Groth, Frp la fram følgjande tilleggforslag:

Nytt punkt 4:

-Det vert utarbeida ein konkret handlingsplan med målbare mål, delmål og ansvarsfordeling for gjennomføring av Strategisk Næringsplan. Handlingsplanen vert lagt fram for vedtak innan siste kommunestyremøte i 2022.

Kjartan Haugsnes, SV la fram følgjande endringsframlegg frå SP, SV og Høgre:

Nytt pkt. 3

Kommunedirektøren set i gang prosess rundt organisering og endring av Vaksdal kommune sitt næringsarbeid, Sak om dette vert lagt fram til politisk handsaming til FPØ 27.09 og KS 18.10 2022. Denne saka må som eit minimum innehalde:

- Endring av dagens næringssselskap/selskapsstruktur.
- Nye retningslinjer for eit eventuelt næringssselskap som stettar krava i KS sin vegleiar om selskapsdanning i kommunal sektor.

Erlend Hesjedal Johannessen la fram følgjande endringsframlegg frå SP, SV og Høgre:

Punkt 3. om struktur på næringsarbeidet til Vaksdal Kommune vert lagt fram som eigen sak til Kommunestyret

Røysting

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak punkt 1 og punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak punkt 3 vart sett opp mot fellesforslaget sitt alternative forslag til punkt 3. Fellesforslaget sitt vedtak vart vedteke med 4 stemmer (Kjartan Haugsnes, SV,



Vaksdal kommune

Erlend Hesjedal Johannessen, H, Ivar Bergo, Sp og Line Kydland SV) mot 3 stemmer (Boris Groth, Frp, Thor Andersen, Ap og Lisa Johnsen Lunde, Ap)

Frp sitt tilleggsforslag til punkt 4 vart samrøystes vedteke

Oversendingsforslaget vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 35/2022 Vedtak/Tilråding:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

1. Strategisk Næringsplan for Vaksdal kommune blir vedteke slik den ligg føre.
2. Strategisk Næringsplan skal rullerast kvart fjerde år, første gong våren 2026.
3. Kommunedirektøren set i gang prosess rundt organisering og endring av Vaksdal kommune sitt næringsarbeid, Sak om dette vert lagt fram til politisk handsaming til FPØ 27.09 og KS 18.10 2022. Denne saka må som eit minimum innehalde:- Endring av dagens næringssekskap/selskapsstruktur.- Nye retningslinjer for eit eventuelt næringssekskap som stettar krava i KS sin vegleiar om selskapsdanning i kommunal sektor.
4. Det vert utarbeida ein konkret handlingsplan med målbare mål, delmål og ansvarsfordeling for gjennomføring av Strategisk Næringsplan. Handlingsplanen vert lagt fram for vedtak innan siste kommunestyremøte i 2022.

Oversendingsforslag:

Punkt 3. om struktur på næringsarbeidet til Vaksdal Kommune vert lagt fram som eigen sak til Kommunestyret

36/2022: AUKE I FESTEAVGIFT FRÅ 1.1.2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner slik auke i festeavgiftene:

Festeavgifta for kistegrav er sett til kr 300,- pr år pr grav, gjeldande frå 2022
Festeavgifta for urnegrav er sett til kr 150,- pr år pr grav, gjeldande frå 2022

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.04.2022

Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 36/2022 Vedtak/Tilråding:



Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret godkjenner slik auke i festeavgiftene:

Festeavgifta for kistegrav er sett til kr 300,- pr år pr grav, gjeldande frå 2022

Festeavgifta for urnegrav er sett til kr 150,- pr år pr grav, gjeldande frå 2022

37/2022: ØKONOMISK STØTTE TIL GJENNOMFØRING AV K5 KONTAKTKONFERANSE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet løyver kr 20 000 til arrangørane v/ Forum Nye Bergensbanen for gjennomføring av K5 konferanse 5. mai 2022.

Tilskotet vert ført på konto 11201-1000-1000

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.04.2022

Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 37/2022 Vedtak/Tilråding:

Formannskapet løyver kr 20 000 til arrangørane v/ Forum Nye Bergensbanen for gjennomføring av K5 konferanse 5. mai 2022.

Tilskotet vert ført på konto 11201-1000-1000

38/2022: BUDSJETTENDRING OMBYGGING INNBYGGJARSERVICE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ombygging i innbyggjarservice blir vedtatt med kostnadsramme på 300 000,- inkl mva. Kostnaden blir finansiert med bruk av ubunde investeringsfond.

Følgjande budsjettjustering blir vedteke:

D 300 000,- (inkl mva)	32300.6000.1300.K40001 (byggekost)
K 240 000,- (eks mva)	39400.6000.1300.K40001 (bruk av fond)



K 60 000,- (mva) 37290.9990.8410.K99000 (auka mva inntekt)

Fond: 253080010 (Samla ubundet kap fond teknisk)

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.04.2022

Behandling:

Thor Andersen, Ap stilte spørsmål knytt til saka.
Kommunedirektøren svarte.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 5 stemmer mot 2 (Thor Andersen, Ap og Lisa Johnsen Lunde, Ap)

FPØ - sak 38/2022 Vedtak/Tilråding:

Ombygging i innbyggjarservice blir vedtatt med kostnadsramme på 300 000,- inkl mva. Kostnaden blir finansiert med bruk av ubunde investeringsfond.

Følgjande budsjettjustering blir vedteke:

D 300 000,- (inkl mva)	32300.6000.1300.K40001 (byggekost)
K 240 000,- (eks mva)	39400.6000.1300.K40001 (bruk av fond)
K 60 000,- (mva)	37290.9990.8410.K99000 (auka mva inntekt)

Fond: 253080010 (Samla ubundet kap fond teknisk)

39/2022: SAL/UTLEIGE AV NÆRINGSAREAL. DRØFTINGSSAK.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.04.2022

Behandling:

Kommunalsjef for digitalisering, innovasjon og samfunn Åse Elin Myking orienterte om saka.

Formannskapet drøfta saka.

Formannskapet stilte spørsmål knytt til interesserte verksemder. Formannskapet vedtok å lukka møte med heimel i kommunelova § 11-5 b, offentleglova §23 første ledd, forhandlingsposisjon, samt forvaltningsloven § 13.2) forretningsforhold.

Einingsleiar for samfunn Stian Reime og kommunalsjef Åse Elin Myking svarte på spørsmål og orienterte om type aktivitet og etterspurt areal.

Formannskapet drøfta saka og gav administrasjonen tilbakemelding i saka.



FPØ - sak 39/2022 Vedtak/Tilråding:

40/2022: DALSEIDVEGEN - NYE OPPLYSNINGAR. DRØFTINGSSAK

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Fellesforslag frå formannskapet, ført inn i møteportalen av Kjartan Haugsnes, SV:

Formannskapet ber administrasjonen sette vedtak i sak 96/21 på vent til avklaring med Statens vegvesen er gjort i høve bruk av vegen og eventuelle anleggsbidrag etterpå.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.04.2022

Behandling:

Einingsleiar for samfunn Stian Reime orienterte om saka.

Formannskapet drøfta saka.

Einingsleiar Stian Reime og kommunalsjef for DIS Åse Elin Myking svarte på spørsmål.

Formannskapet la fram følgjande forslag til vedtak:

Formannskapet ber administrasjonen sette vedtak i sak 96/21 på vent til avklaring med Statens vegvesen er gjort i høve bruk av vegen og eventuelle anleggsbidrag etterpå.

Fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 40/2022 Vedtak/Tilråding:

Formannskapet ber administrasjonen sette vedtak i sak 96/21 på vent til avklaring med Statens vegvesen er gjort i høve bruk av vegen og eventuelle anleggsbidrag etterpå.

41/2022: KLAGEHANDSAMING - DISPENSASJON FOR Å ETABLERE BILVEG TIL GARLIANE HYTTEFELT, GBNR. 78/1 M.FL., VAKSDAL KOMMUNE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Klagen frå Statsforvaltaren i Vestland av 17.11.2021, vert teken til følge. Kommunestyret sitt vedtaket om dispensasjon og løyve av 26.10.2021, vert omgjort til avslag på dispensasjonssøknaden.



Alternativt framlegg til vedtak:

- Klagen frå Statsforvaltaren i Vestland av 17.11.2021 vert ikkje teken til følge, og vedtak om dispensasjon og løyve av 26.10.2021 vert oppretthalde. Klagen vert sendt til setjestatsforvaltar for endeleg avgjerd.
- Klagen får oppsetjande verknad inntil endeleg avgjerd ligg føre.

Forslag frå Frp, ført inn i møteportalen av Boris Groth, Frp:

-Klagen frå Statsforvaltaren i Vestland av 17.11.2021 vert ikkje teken til følge, og vedtak om dispensasjon og løyve av 26.10.2021 vert oppretthalde. Klagen vert sendt til setjestatsforvaltar for endeleg avgjerd.

-Klagen får oppsetjande verknad inntil endeleg avgjerd ligg føre.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.04.2022

Behandling:

Formannskapet drøfta saka.

Boris Groth, Frp la fram kommunedirektøren sitt alternative forslag:

-Klagen frå Statsforvaltaren i Vestland av 17.11.2021 vert ikkje teken til følge, og vedtak om dispensasjon og løyve av 26.10.2021 vert oppretthalde. Klagen vert sendt til setjestatsforvaltar for endeleg avgjerd.

-Klagen får oppsetjande verknad inntil endeleg avgjerd ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot kommunedirektøren sitt alternative forslag som Frp la fram i møtet.

Kommunedirektøren sitt primære framlegg til vedtak vart vedteke med 4 stemmer (Hege Eide Vik, Sp, Kjartan Haugsnes, SV, Thor Andersen, Ap og Lisa Johnsen Lunde, Ap) mot 3 stemmer (Boris Groth, Frp, Amalie Johnsen Lunde, H, og Erlend Hesjedal- Johannessen).

FPØ - sak 41/2022 Vedtak/Tilråding:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

- Klagen frå Statsforvaltaren i Vestland av 17.11.2021, vert teken til følge. Kommunestyret sitt vedtaket om dispensasjon og løyve av 26.10.2021, vert omgjort til avslag på dispensasjonssøknaden.



42/2022: HANDSAMING AV SØKNAD OM VILTFONDSMIDLAR TIL INNKJØP AV BYGGJERDE FOR Å SKJERME RUNDBALLAR FOR BEITING FRÅ HJORT

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet i Vaksdal kommune løyver inntil kr. 46 890,- i viltfondsmidlar til føretaket Dan Børge Høvik for innkjøp av byggjerde som tiltak mot beiteskadar frå hjort på lagra vinterfôr (rundballar).

Vedtaket er gjort i medhald av «Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgifter for elg og hjort» § 5 a, og med bakgrunn i vedtektene til Vaksdal viltfond, pkt. 5.

Tilskotet vert betalt ut på bakgrunn av faktura/dokumentert kostnad.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.04.2022

Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 42/2022 Vedtak/Tilråding:

Formannskapet i Vaksdal kommune løyver inntil kr. 46 890,- i viltfondsmidlar til føretaket Dan Børge Høvik for innkjøp av byggjerde som tiltak mot beiteskadar frå hjort på lagra vinterfôr (rundballar).

Vedtaket er gjort i medhald av «Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgifter for elg og hjort» § 5 a, og med bakgrunn i vedtektene til Vaksdal viltfond, pkt. 5.

Tilskotet vert betalt ut på bakgrunn av faktura/dokumentert kostnad.

43/2022: REGIONAL PLAN FOR FORNYBAR ENERGI I VESTLAND FYLKE - HØYRINGSUTTALE PLANPROGRAM

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune gjev slik høyringsuttale til planprogrammet for regional plan for fornybar energi 2022-2035.

«Viser til høyring på planprogram for regional plan for fornybar energi 2022-2035, og invitasjon til å sende inn høyringsuttale. Vaksdal er ein kraftkommune som har historie for å huse både kraftkrevjande industri og fleire større vasskraftverk. Vasskraftverka ein finn i kommunen har ei samla midlere årsproduksjon på over 1 400 GWh. Kommunen tykkjer det er flott at Vestland fylkeskommune no utarbeidar regional plan for fornybar energi og trur denne vil gje eit godt grunnlag for klimaomstilling i fylket.»

Plantema - Kraftsituasjonen i Vestland

Vaksdal kommune vil lyfte fram kraftnettet som særst viktig tema knytt til fornybar omstilling og samfunnsutvikling. Trass den store mengda vasskraft som vert produsert innan kommunegrensa er



kapasiteten i kraftnettet svært avgrensa, som til dels i Bergsdalen og Eksingedalen, og kommunen ser ofte vegen fram til å henta ut meir straum som vanskeleg. Det bør vurderast å løfte fram «uttak av lokal straum» som eit eige plantema. Det kan og gjerast vurderingar av moglegheita for å ta ut kortreist kraft, til dels til produksjon av fornybare energiberarar som hydrogen, og tilrettelegging av kraftnett og kraftuttak som og kjem fornybarstadane til gode. For Vaksdal kommune er dette spesielt relevant som ein av dei hovudansvarlege i arbeidet med K5 (ny E16) som fossilfri anleggsplass.

Planprogrammet peiker på drøfting knytt til distribusjon av energi til dei delane av fylket med kraftkrevjande industri og kor grøn vekst har størst moglegheiter. Å sjå på moglegheita for å flytte kraftkrevjande verksemder til betre eigna stadar kan bidra til å løfte fleire delar av Vestland fylke med grøn vekst samstundes som ein kan nytte kraftnettet meir optimalt og spare utbyggingar.

Innhald i plantema - Sekundærprodukt frå hydrogen og fornybar energiproduksjon

Planprogrammet nemner at prosessen vil sjå på bruk av sekundærprodukt frå produksjon av grønt hydrogen. Spillvarme er eit biprodukt frå hydrogen som kan nyttast til fjernvarme eller i andre prosessar, og i omstillinga til eit grønt samfunn må ein sjå heile verdikjeda. Det kan og sjåast nærare på om spillvarme kan knyttast til fleire av alternativa ein har til produksjon av fornybar energi».

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.04.2022

Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 43/2022 Vedtak/Tilråding:

Vaksdal kommune gjev slik høyringsuttale til planprogrammet for regional plan for fornybar energi 2022-2035.

«Viser til høyring på planprogram for regional plan for fornybar energi 2022-2035, og invitasjon til å sende inn høyringsuttale. Vaksdal er ein kraftkommune som har historie for å huse både kraftkrevjande industri og fleire større vasskraftverk. Vasskraftverka ein finn i kommunen har ei samla midlere årsproduksjon på over 1 400 GWh. Kommunen tykkjer det er flott at Vestland fylkeskommune no utarbeidar regional plan for fornybar energi og trur denne vil gje eit godt grunnlag for klimaomstilling i fylket.

Plantema - Kraftsituasjonen i Vestland

Vaksdal kommune vil lyfte fram kraftnettet som særst viktig tema knytt til fornybar omstilling og samfunnsutvikling. Trass den store mengda vasskraft som vert produsert innan kommunegrensa er kapasiteten i kraftnettet svært avgrensa, som til dels i Bergsdalen og Eksingedalen, og kommunen ser ofte vegen fram til å henta ut meir straum som vanskeleg. Det bør vurderast å løfte fram «uttak av lokal straum» som eit eige plantema. Det kan og gjerast vurderingar av moglegheita for å ta ut kortreist kraft, til dels til produksjon av fornybare energiberarar som hydrogen, og tilrettelegging av kraftnett og kraftuttak som og kjem fornybarstadane til gode. For Vaksdal kommune er dette spesielt relevant som ein av dei hovudansvarlege i arbeidet med K5 (ny E16) som fossilfri anleggsplass.

Planprogrammet peiker på drøfting knytt til distribusjon av energi til dei delane av fylket med kraftkrevjande industri og kor grøn vekst har størst moglegheiter. Å sjå på moglegheita for å flytte kraftkrevjande verksemder til betre eigna stadar kan bidra til å løfte fleire delar av Vestland fylke med



grøn vekst samstundes som ein kan nytte kraftnettet meir optimalt og spare utbyggingar.

Innhald i plantema - Sekundærprodukt frå hydrogen og fornybar energiproduksjon

Planprogrammet nemner at prosessen vil sjå på bruk av sekundærprodukt frå produksjon av grønt hydrogen. Spillvarme er eit biprodukt frå hydrogen som kan nyttast til fjernvarme eller i andre prosessar, og i omstillinga til eit grønt samfunn må ein sjå heile verdikjeda. Det kan og sjåast nærare på om spillvarme kan knytast til fleire av alternativa ein har til produksjon av fornybar energi».

44/2022: AVTALE MED BANE NOR OM NEDLEGGING AV PLANOVERGANG OG BRUK AV DRIFTSVEG PÅ KOMMUNAL GRUNN, DALEGARDEN, GBRN 22/14

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet i Vaksdal kommune godkjenner følgjande avtalar med Bane NOR slik dei ligg føre:

- «Erklæring om rett i fast eigedom» - bruksrett til driftsveg mot Tungelandsløa, gbnr. 22/14
Dalegarden (kommunal grunn).
- «Avtale om nedleggelse av planovergang km 426,778 på Bergensbanen, Dale-Stanghelle».

Ordførar signerer avtalane etter vedtak i formannskapet, som grunnlag for tinglysing.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.04.2022

Behandling:

Erlend Hesjedal-Johannessen, H stilte spørsmål til saka.

Kommunedirektør Atle Fasteland svarte.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 44/2022 Vedtak/Tilråding:

Formannskapet i Vaksdal kommune godkjenner følgjande avtalar med Bane NOR slik dei ligg føre:

- «Erklæring om rett i fast eigedom» - bruksrett til driftsveg mot Tungelandsløa, gbnr. 22/14
Dalegarden (kommunal grunn).
- «Avtale om nedleggelse av planovergang km 426,778 på Bergensbanen, Dale-Stanghelle».

Ordførar signerer avtalane etter vedtak i formannskapet, som grunnlag for tinglysing.



45/2022: TRAFIKKTRYGGLEIKSPLAN FOR VAKSDAL KOMMUNE 2022 - 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Trafikktryggleiksplanen 2022 – 2025 vedt vedteke slik den ligg føre. Planen erstattar tidlegare trafikktryggleiksplan 2016 – 2019.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.04.2022

Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 45/2022 Vedtak/Tilråding:

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

Trafikktryggleiksplanen 2022 – 2025 vert vedteke slik den ligg føre. Planen erstattar tidlegare trafikktryggleiksplan 2016 – 2019.

47/2022: INNSTILLING TIL ENDRING AV MINSTEAREAL FOR JAKT PÅ HJORT I VAKSDAL KOMMUNE ETTER OFFENTLEG HØYRING

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i "Forskrift om forvaltning av hjortevilt" § 6, jf. § 1, vedtek kommunestyret ny forskrift om minsteareal for jakt på hjort i Vaksdal kommunen etter offentleg høyring:

Endringsforskrift om jakt på hjort i Vaksdal kommune, Vestland

Heimel: Fastsett av Vaksdal kommunestyre 10. mai 2022 med heimel i [lov 29. mai 1981 nr. 38](#) om jakt og fangst av vilt (viltloven) [§ 16](#) og [forskrift 8. januar 2016 nr. 12](#) om forvaltning av hjortevilt [§ 6](#).

§ 1 Det er opna for jakt på hjort i Vaksdal kommune, Vestland.

§ 2 Minstearealet for godkjenning av vald og tildeling av fellingsløyve på hjort, er sett til følgjande:

- SONE 1: 400 daa for vald med teljande areal i Eksingedalen, på Eidslandet og i Sædalen.
- SONE 2: 600 daa for vald med teljande areal frå Rødberg til områda kring Vaksdal (ikkje Sædalen), Stanghelle/Dale, Bolstadfjorden og Stamnes, samt på Faugstad og i Brørvik.
- SONE 3: 750 daa for vald med teljande areal i Bergsdalen, på Vaksdal kommune sin del av Osterøy, utan Faugstad, og i Dalane/Mellesdalen. I tillegg inngår hjortevalda i Modalen kommune og Evanger Vest hjortevald og Evanger Sør hjortevald i Voss herad i sona, grunna medlemskap i Storfjellet bestandsplanområde og Vaksdal-Evanger bestandsplanområde,



med Vaksdal som administrasjonskommune.

Oversyn for hjortevald med minsteareal går fram av sak 22/73 i kommunen sitt sakssystem

§ 3 Forskrifta trer i kraft straks, og erstattar «Forskrift om jakt på hjort i Vaksdal kommune, Hordaland» av 06.04.17 (FOR-2017.04.03-442).

Endringsframlegg ført inn i møteportalen av ordførar:

SONE 1: 250 daa for vald med teljande areal i Eksingedalen, på Eidslandet og i Sædalen.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.04.2022

Behandling:

Hege Eide Vik, Sp stilte spørsmål ved sin habilitet i saka, då foreldre er grunneigar og gjekk frå under behandling av habilitetsspørsmålet. Formannskapet vedtok samrøystes at ho er habil til å behandle saka.

Boris Groth, Frp stilte spørsmål ved sin habilitet i saka, då foreldre er grunneigar og gjekk frå under behandling av habilitetsspørsmålet. Formannskapet vedtok samrøystes at han er habil til å behandle saka.

Ordførar la fram følgjande endringsframlegg:

SONE 1: 250 daa for vald med teljande areal i Eksingedalen, på Eidslandet og i Sædalen.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak om sone 1 vart sett opp mot ordførar sitt framlegg til vedtak.

Ordførar sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FPØ - sak 47/2022 Vedtak/Tilråding:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

Med heimel i "Forskrift om forvaltning av hjortevilt" § 6, jf. § 1, vedtek kommunestyret ny forskrift om minsteareal for jakt på hjort i Vaksdal kommunen etter offentleg høyring:

Endringsforskrift om jakt på hjort i Vaksdal kommune, Vestland

Heimel: Fastsett av Vaksdal kommunestyre 10. mai 2022 med heimel i [lov 29. mai 1981 nr. 38](#) om jakt og fangst av vilt (viltloven) [§ 16](#) og [forskrift 8. januar 2016 nr. 12](#) om forvaltning av hjortevilt [§ 6](#).

§ 1 Det er opna for jakt på hjort i Vaksdal kommune, Vestland.

§ 2 Minstearealet for godkjenning av vald og tildeling av fellingsløyve på hjort, er sett til følgjande:



Vaksdal kommune

- SONE 1: 250 daa for vald med teljande areal i Eksingedalen, på Eidslandet og i Sædalen.
- SONE 2: 600 daa for vald med teljande areal frå Rødberg til områda kring Vaksdal (ikkje Sædalen), Stanghelle/Dale, Bolstadfjorden og Stamnes, samt på Faugstad og i Brørvik.
- SONE 3: 750 daa for vald med teljande areal i Bergsdalen, på Vaksdal kommune sin del av Osterøy, utan Faugstad, og i Dalane/Mellesdalen. I tillegg inngår hjortevalda i Modalen kommune og Evanger Vest hjortevald og Evanger Sør hjortevald i Voss herad i sona, grunna medlemskap i Storfjellet bestandsplanområde og Vaksdal-Evanger bestandsplanområde, med Vaksdal som administrasjonskommune.

Oversyn for hjortevald med minsteareal går fram av sak 22/73 i kommunen sitt sakssystem

§ 3 Forskrifta trer i kraft straks, og erstattar «Forskrift om jakt på hjort i Vaksdal kommune, Hordaland» av 06.04.17 (FOR-2017.04.03-442).

46/2022: KULTURPRISEN 2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.04.2022

Behandling:

Saka vart behandla i lukka møte med heimel i offentleglova §26 andre ledd, unntak frå innsyn for opplysingar om kven som skal få ein pris.

FPØ - sak 46/2022 Vedtak/Tilråding:



ORIENTERINGAR

Orientering frå ordførarar

- Vaksdal kyrkjeleg fellesråd
- Jubileumsmøte Visit Bergen
- Årsmøte Hordaland SP og dialog med landbruksminister om opplevingscenter Vaksdal mølle.
- Vedtak av reguleringsplan for K5 og markering på Stanghelle stasjon
- Bompengesaka Arna-Stanghelle
- Grunnerverv
- Toppleiarmøte helse.
- Møte i regionrådet:
 - BKK og kraftsituasjonen
 - Interkommunal plan for sjøareal
 - Biosfæreområde
 - Regional næringsstrategi
 - Støtte til ferjesamband Osterøy
- Ope ordførarkontor.
- Kurs i kontrollutvalet
- Kontaktutval K5 og konferanse 5.mai.
- Vinterkonferanse av Vaksdal Næringsråd.
- Vintertreff, konsert med lokale utøvarar ved Vaksdal underhaldningslag.

Orientering frå kommunedirektør

- Bompengefinansiering ved E16 Arna-Stanghelle.
- Mottak av flyktningar.
- "Kontoret i Gato".

SPØRSMÅL

Kjartan Haugsnes, SV spurte om status for arbeidet med istandsetjing av idrettsbana på Vaksdal etter synkehull.

Kommunedirektøren svarte at han vil kome tilbake med eit svar på spørsmålet i kommunestyremøtet 10.mai.